

Planstrategi 2012-15.

Vedlegg:

Tidsplan for perioden 2012 –15.

Nasjonale krav.

Planstrategi er eit nytt krav til kommunane etter plan- og bygningslova § 10-1.

Kommunal planstrategi skal setje søkjelys på dei planoppgåvene det er behov for å starte opp eller vidareføre.

Nasjonale krav til planstrategiar kjem fram av "Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging" vedteke ved kongeleg resolusjon 24.06.2011. Planen kan etter behov vera kortfatta eller utarbeidast meir omfattande.

Som utgangspunkt vert dei nasjonale krava lagt til grunn i det vidare planarbeidet i Fitjar kommune. Dei nasjonale forventningane omhandlar følgjande tema:

- Klima og energi
- By- og tettstadutvikling
- Samferdsle og infrastruktur
- Verdiskaping og næringsutvikling
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Helse, livskvalitet og oppvekst

Presisering av kommunen sitt behov:

Ein planstrategi for kommunen bør omfatta alle deler av kommunen sine aktivitetar der det vert kravd planar. Dette fordi det er kommunen sitt totale apparat som skal utarbeida og fylgja opp planar, og planar på eit område kan få fylgjer på andre arbeidsområde og for andre etatar. Samstundes må strategien på kvart enkelt område vera enkel, utan noko større analysar eller drøftingar. Dette for at framdrifta må vera realistisk. Dvs organisasjonen må ha moglegheit til å utarbeida planane, og fylgja opp i neste omgang.

Hovudtema i dei nasjonale forventningane vil bli drøfta i planstrategien. I tillegg kan han romma ei skildring av utviklingstrekk og noverande situasjon i kommunen, jf. pbl § 10-1 første ledd andre punkt.

Fitjar har nyleg lagt bak seg ein kommuneplanprosess, og har gjennom denne gjort mange vurderingar og lagt ei rekkje føringar for framtida. Planprosessen har og ei god kartlegging av arealføremåla i kommunen, slik at det ikkje er nødvendig å ta desse vurderingane opp att i ein planstrategi. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart likevel ikkje rullert i denne omgangen, slik at det kan vera viktige grunnlagstrekk for denne som bør vurderast.

Overordna planar.

Planstrategien må og ta omsyn til overordna planar. Fleire av desse er juridisk bindande, men nokre er rettleiande. Desse må innarbeidast i kommunalt planverk.

Kommunen må også ta del i utarbeiding/påverknad både administrativt og politisk. Det tilseier at ein i den kommunale planstrategien må rekna inn naudsynte resurssar til arbeidet.

Planar i regi av samarbeid i Sunnhordland(t.d. Samarbeidsrådet).

Desse planane vil ikkje vera juridisk bindande utan at dette er avtalt og vedteke i kvar kommune, men vil likevel gje føringar på ulike område som kommunane må/bør ta omsyn til. Slikt planverk er særleg viktige med næringsplanar, samferdsleplanar, men og planar for kultur og idrett. Det tilseier også her at kommunen må rekna inn naudsynte resurssar til arbeidet.

Avgrensing av arbeidet med planstrategi:

Planstrategien er ikkje tenkt å omfatta kommunen sine personalpolitiske planar, driftstekniske eller datatekniske planar, økonomiplanar eller planar som går på kommunen sin organisasjon.

Ein tek ikke sikte på noko større utarbeiding av analyser av behovsgrunnlaga, då det i seg sjølv er eit omfattande arbeid, og lett kan bli eit ressursmessig(kapasitet) hinder for å utarbeida sjølve planane.

Strategien blir dermed ei prioriteringsliste med definert framdrift. Men og eit dokument med oversikt over eksisterande planar, utgåtte planar, og behov for nye planar.

Arealplan:

Generelt

Kommunen har nyleg vedteke ny kommuneplan – arealdel. Denne vart vedteken av kommunestyret 18 juni 2012, og gir viktige føringar på di fleste områda innan kommunen. Som vist nedanfor er det nokre unntak, der det er ynskjeleg med noko djupare analysar og inngrep. Dette vert fremja med kommunedelsplanar, på områda Strandsoneplan, Selevik krins, Øyane krins, Strando krins(E 39).

Landbruk:

Den tradisjonelle landbruksproduksjonen i Fitjar er basis for næringslivet, busettinga, kulturen og levemåten i kommunen. Med eit mildt klima og lang vekstsesong har Fitjar eit særleg godt landbruksareal. Jordvern er eit prioritert område frå sentralt hald. Det er utført ei kartlegging av kjerneområde for landbruk i samband med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Denne prioriteringa av areala er eit godt grunnlag for å unngå nedbygging, oppstykking av jorda, og verditap i kulturlandskapet. Kommunen ynskjer difor ikkje å gå meir i detalj på dette området.

Vassområde:

Vassdrag er eit aktuelt tema for Fitjar kommune. Kommuneplanen sin arealdel har ivareteke viktige vedtak om kor strandlova sitt verkeområde kjem inn i fitjar. Det er og gjennom ROS analysar vedteke kva regelverk som skal leggjast til grunn ved tiltak nær elvar. For å ta betre vare på vassressursane, vert det no arbeidd med ein forvaltningsplan for vassregion Hordaland. Forvaltningsplanen vert ein regional plan for fylket som skal godkjennast nasjonalt i 2015. Fitjar kommune deltek i utvalet for Vassområde Sunnhordland. Fitjar kommune vil gje spørsmål om vatn ein sentral plass i den kommunale planlegginga. Når resultatet frå forvaltningsplanen for vassområde Sunnhordland vert ferdig, vil kommunen ta dette inn i planverket, men ein vil likevel avventa kva formell form ei slik inkorporering skal skje på, anten kommunedelsplan, eller ei mindre omfattande inkorporering.

Planlegging i sjø

Planlegging i sjø var òg eit viktig fokusområde i arealplanarbeidet for kommunen. Fiskeområde og kastevågar er stort sett oppretthaldne uendra. Tettleik av oppdrettsanlegg vart ikkje drøfta særskilt, men ein handsama alle innspel som kom på nye lokalitetar, og oppnådde gode lokaliseringar. Kommunen føretok likevel ikkje ei systematisk kartlegging av ulike oppdrettssonar då det ofte er nasjonale eller regionale vurderingar som vert lagt til grunn ved plassering av slike anlegg. Næringa er framleis i utvikling, og nye oppdrettsanlegg vil dermed kunna bli ein viktig problemstilling i det vidare arbeidet. Her kan det vera trong for å ta med ei vurdering i arbeidet med Strandsoneplan som er igangsett. Ein ser ikkje behov for ein eigen plan berre for Fitjar.

Næringsområde:

Planlegging av nye næringsområde er ivareteke i arealdelen. Dei eksisterande næringsområda i Håkonar næringspark ved Årskog, Hegreneset, Stokken og Skjoareset er utvida. Nye næringsområde er lagt inn i planen ved Sandvikvåg og på Landa. Næringsområda ved Tindane og Raunholm er teke ut som urealistiske. Kommunen er såleis godt oppdatert med næringsområde. Ein ser ikkje for seg at det er nødvendig med nye vurderingar på dette område.

By- og tettstadutvikling. Sentrumsstruktur:

Fitjar har eit naturleg sentrum, definert som Fitjarsjøen og dei naturlege områda ikring. Det indre sentrum har fått ein reguleringsplan i 2007 som gjer det mogleg å utvikla sentrumsfunksjonane. Det regulerte området er likevel noko mindre enn det arealet ein kan rekna å høyra med til eit naturleg sentrum i dag. Grensa mot jordbruksområdet rundt Fitjarsjøen er definert i kjerneområde landbruk. I praksis vil denne grensa avgjera utstrekninga av sentrum i den nære framtida. Medrekna bustadfelt i Fitjarstølane og Vestbøstad utgjer sentrum kring 50 % av innbyggjarane i Fitjar, og prosenten er veksande. Eldre sentrumsfunksjonar ved Koløyholmen er borte, utan at det er etablert nye. Øvrabygdo har eit fallande folketal, og det er ynskje om å iverksetja tiltak som kan snu denne trenden. I privat regi er det planlagt fleire bustadfelt i krinsen som gjer det mogleg med auka folketal. Det er likevel ikkje planlagt nokon nye sentrumsfunksjonar, og det er nok heller ikkje ynskjeleg.

Realismen tilseier at Fitjar berre vil ha ein tettstad i overskueleg framtid, Fitjarsjøen, og det er heller ikkje naturleg å planleggja for noko anna. Fitjar sentrum er tilfredsstillande avgrensa, slik at det ikkje vert sett i gang noko meir planlegging av dette i denne perioden.

Infrastruktur (Ansvar saman med formannskapet.)

Med infrastruktur meiner ein vegar, anlegg for produksjon og framføring av energi, vatn- og avløpsanlegg, kaiar og viktige farleier, anlegg for kommunikasjon, nødvendige næringsbygg og område for bustader. Kommuneplanen sin arealdel inneheld ei tilfredsstillande planlegging av desse anlegga. Det er i planen avsett areal, eller lagt omsynsområde, kring viktige framtidige byggjeområde for veg, næring, bustader og hytter. Arealplanen inneheld ikkje område for nye VA- infrastruktur, som ein ikkje ser nødvendig å innarbeida på kommuneplannivå. Vassforsyning er sikra gjennom tidlegare planar og oppretthalde. Detaljar i planlegging av ny infrastruktur vert å gjennomføra i eigne planar for desse områda, jf teknisk infrastruktur. Arealplanen inneheld heller ikkje område for ny infrastruktur innan tele- eller datakommunikasjon, som ein ikkje ser nødvendig å innarbeida på kommuneplannivå.

Kommuneplan samfunnsdel:

Kommuneplan sin samfunnsdel har ikkje vore rullert sidan 1999. Ved rullering av arealplanen i 2003 og vurderingane til ny arealdel i 2011/12 la ein likevel til grunn ei rekkje nye trendar i samfunnsstrukturen i Fitjar. Mellom anna er det lagt til grunn gode vurderingar av sentrumsareal i Rimbareidkrinsen. Ein oppdatert samfunnsdel framstår i dag som eit sagn, og det er ynskjeleg at ny samfunnsdel vert planlagt, og tidfest til siste del av noverande valperiode i 2014/15.

Interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland:

Fitjar kommune forvaltar ei viktig strandsona. Særleg er det regionale og nasjonale verdiar knytte til Fitjarøyane. Kommunen har eit viktig ansvar når det gjeld forvaltning av desse verdifulle områda. Både slik at dei kan brukast av grunneigarar, bygdefolk og tilreisande, og slik at verdiane framstår som varige. Fitjar deltek i arbeidet med utarbeiding av interkommunal strandsona-plan for Sunnhordland, og det blir gjort eit arbeid med å kartleggja strandsona i Fitjarøyane i denne planen.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har vedteke å starta arbeidet med ein interkommunal strandsona-plan for Sunnhordland. Planarbeidet omfattar kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Fusa. Fitjar kommunestyre har i sak PS 5/11 gjort vedtak om prinsipiell tilslutnad til arbeidet med felles strandsona-forvaltning i Sunnhordland.

Stutt om den interkommunale planen

Planen skal innehalda dei tema/ føremål som er naturleg å ta opp for ein arealplan som omfattar strandsona på eit kommunalt overordna nivå. Det vil her vera særleg aktuelt å sjå på tema som er felles for kommunane når det gjeld bruk og vern av areal i strandsona. Følgjande tema skal vurderast:

- Friluftsområde, regionale og lokale
- Område med spesielle natur- og landskapskvalitetar
- Sikring av større, viktige friluft- og landskapsområde
- Kulturminneområde, kystkultur m.m.
- Område for næringsutvikling, hamneanlegg, reiselivsanlegg
- Felles båthamner/bryggeanlegg, naustområde, fellesnaust
- Bustadområde og område for fritidsbustader
- Fortettingsområde

Som del av planarbeidet skal det utarbeidast felles føresegner for bygging av brygger, naust, rorbuer, spreitt utbygging, m.m. i strandsona og elles andre føresegner med retningslinjer som gjeld bruk og forvaltning av strandsona. I dette planarbeidet er det ikkje føresett å vurdere einskildtiltak som brygger, naust, hytter og bustader og liknande plassert i strandsona. Slike einskildsaker må kommunane ta stilling til seinare med heimel i føresegner og eventuelle reguleringsplanar.

Den interkommunale planen skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane. Planen skal visa arealformål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona. Kvart kommunestyre i dei deltakande kommunar skal treffa endeleg vedtak for sitt område. Arbeidet med den felles planen er starta opp, planprogrammet har vore på høyring, og er sendt til vedtak i Fitjar i september 2012. Ein tek sikte på at endeleg plan ligg føre i løpet av 2013.

Kommunedelsplanar: Selevik, Øyane, Strando (E – 39):

Felles:

Arbeidet med kommuneplanen viser at det kan vere trong for å oppdatere ein del område med kommunedelplan før det er aktuelt med ny gjennomgang av kommuneplanen. Dette gjeld Sælevik krins, Øyane krins og eventuelt behov for Strando krins i tilfelle ny trase for ny Kyststamveg (Europaveg -39) som i dag går igjennom Fitjar.

Sælevik krins

Dette er den krinsen i kommunen som veks raskast i folketal, sjølv om krinsen er minst i utgangspunktet. Denne grunnar seg i nærleik til Stord og at krinsen er blitt attraktiv som buområde, både ved at det er rimelege tomter tilgjengleg, og at kommunen har klart å tilføre ressursar i ein oppdatert skule og nytt vatn tilført krinsen.

Utfordringane i krinsen er fleirdelte, men særleg vegutfordringane er aktuelle. Dette er ein fylkesveg(FV 72) som kjem inn i krinsen frå sør gjennom Stord med avkjøring frå FV 545 frå Petterteig. Vegen er ca. 4 km, der halvparten er i kvar kommune. Det er ein smal veg med fleire bruer med lav bæreevne. Dei innbyggjarane i krinsen som skal til eigen kommune, må såleis kjøra 5-6 km gjennom Stord, før dei kjem inn i Fitjar att. Bruken i Stord er stort sett knytt til hytter pluss eit mindre fiskeklekkeri. Vegen i Stord er svært smal, og innhald møteplassar som til dels blir brukt til parkering for hyttebuarar. Vegtilhøva gir behov for ein felles gjennomgang med Stord kommune og Hordaland fylkeskommune omkring vurderingar og tiltak. Eit ynskje frå mange har vore ny tilførsleveg frå nord. Det er lagt inn 2 aktuelle omsynsområde for ein slik veg i Fitjar sin kommuneplan.

I Stord er det ikkje fastbuande nedanfor Petterteig. Satsing på hytter i Stord og heilårsbustader i Fitjar har ført til noko ulik vekting av planar i dei to kommunane. Ved ei felles vurdering kan kommunane semjast om framtidige strategiar.

Dåfjorden er elles eit felles sjøbasseng for Stord og Fitjar kommunar. Kommunegrensa går på langs midt igjennom nordre del av fjorden. Forvaltning av fjorden er såleis eit felles ansvar for Stord og Fitjar.

Både ut frå vegomsyn, framtidig bruk(hytter eller hus) og ut frå forvaltning av fjorden, er det ynskjelig med ei felles planlegging i begge kommunane.

Dette kan løysast med ein felles kommunedelsplan som gjeld for deler av begge kommunane. Ut frå Fitjar sitt behov er det eit ynskje om at arbeid med ein slik plan kan starta frå 2013/14.

Eventuell kommunedelsplan Øyane krins.

Planverket i Øyane krins vart ikkje gjennomgått ved rullering av kommuneplanen i 2003. Ein vidareførte då informasjon og vedtak som vart lagt til grunn frå førre kommuneplan frå i 1999. Rulleringa av kommuneplanen i 2011/12 inneheld ein god del arbeid om øyane. På grunn av arbeidet med ein felles strandsonenplan for heile Sunnhordland var det då ikkje naturleg gå inn i detalj med forvaltning av strandsona i øyane, då den nye planen vil gje nye føringar. Kommunen valde då å venta på den felles planen. Ein felles strandsonenplan kan verta ferdig i 2013. Då er det naturleg med ein gjennomgang av dei samla konsekvensane som strandsonenplanen og den nye kommuneplanen vil få for øyane. Dette kan gjerast i ein kommunedelsplan. Administrasjonen meiner at det er rett å prioritera arbeid med ein ny kommunedelsplan for Øyane krins i løpet av 2014.

Eventuell kommunedelsplan for Strando krins, tilknytt E39.

E39 går i dag gjennom Fitjar frå kommunegrensa mot Stord sør for Eide og til Sandvikvåg. Det er uvisst kor ein eventuell europaveg vil gå i framtida. Det kan verte ei bru ved Jektevik, då vert det ikkje nokon europaveg igjennom Fitjar. Meir aktuelt er det kanskje med kryssing anten ved Raunholm eller ved Skåro(ved Levåg). Då må dette planleggast i Fitjar også.

Strando krins består av ei smal landhyll med noverande E 39 som og har funksjon som lokalveg. Ein ny veg med europavegstandard vil leggja beslag på nye store areal, og må planleggast grundig. Ein kan ikkje leggja band på store område i ein situasjon som både er uvisst med omsyn til om tiltaket kjem, og når det eventuelt kjem. Det er difor rett å ta stilling til ein eventuell kommunedelsplan for Strando når ein kjenner vedtaka for ny trase til kyststamveg. Ein bør heller ikkje tidfesta ein slik plan no, før ein kjenner framdrifta for kyststamvegen.

Klima- og energiplan:

Gjeldande planen ble vedteke i juni 2009. Planarbeidet vart organisert med tanke på å skape eigarskap både politisk og hjå dei aktuelle avdelingane i administrasjonen, i tillegg til aktuelle næringsaktørar i kommunen. Dette har likevel ikkje ført til den ynskjelege oppfølginga, til tross for at planen er fylgt opp med eigen handlingsplan. Det er til no ikkje sett av pengar i budsjettet til oppfølging av handlingsplanen, men kommunen har blitt ein Miljøfyrtårnkommune og har støtta opp om klimakampanjar. Kommunen har også halde fram med å setja i verk ENØK-tiltak i drifta for å få ned energibruken.

Hovudmål i planen: "Fitjar kommune skal ta i bruk dei verkemiddel ein rår over for å redusera utslepp av klimagassar og fokusera på fornybare/alternative energikjelder". Føresetnaden for å nå hovudmålet ligg i lokal politisk vilje og handlekraft, men er også knytt opp til statlege rammevilkår og auke energifleksibilitet og bruk av alternative energikjelder.

Klima- og energiplanen er godt oppdatert og aktuell, slik at ein revisjon neppe er aktuell før 2014.

Biologisk mangfald:

Biologisk mangfald vart grundig vurdert i kommuneplanprosessen. Det er såleis ikkje aktuelt å laga nokon eigen plan på dette området, før rullering av ny arealdel. Ein føreset likevel at krava til biologisk mangfald vert fylgt opp i kommunal planlegging og anna relevant sakshandsaming.

Utsleppsplanar/regelverk for private utslepp:

Kommunen har vedteke nye føresegne på området, jf føresegner av. Det praktiske arbeidet i "i felten" viser at desse føresegnene er lite kjende, og det har vore vanskeleg å fylgja opp. Særleg i Øyane krins er det ikkje samsvar mellom kommunen sine føresegner og dei moglegheiter som finst til å etterleva regelverket i praksis. Anten må føresegnene endrast, eller det må lagast effektive leveringsordningar for slam, som føresegnene tilseier. Pr i dag er det Sunnhordland interkommunale miljøverk(SIM) som har ansvar for slamhenting, men tilbodet fungerer ikkje i praksis. Kommunen vil ta initiativ til ein gjennomgang av føresegner og praktiske løysingar i 2013, med sikte på at nye løysingar kan setjast i verk frå 2014.

ROS-analysar, Akseptkriteriar og Overordna beredskapsplan

Kommunen har ein ny ROS-analyse frå 2008 som vart utarbeidd i samarbeid med Stord kommune. Planen er framleis godt oppdatert og aktuell, og det er ikkje behov for å endra hovudtrekka i denne. Det er likevel behov for ei oppdatering, som skal skje kvart 4. år. ROS-analysen frå 2008 vert lagt til grunn i det vidare arbeidet med rullering i 2013. Også rulleringsarbeidet bør skje i samarbeid med Stord kommune.

I prosessen kring utarbeiding av ny arealdel i kommuneplanen vart det og utarbeidd akseptkriteriar for vurdering av risiko i planarbeid, dagsett juni 2012. Desse vert vidareført i perioden.

Overordna beredskapsplan må reviderast. Denne planen er frå tidleg på 2000-talet, me er justert med jevne mellomrom, sist august 2012. Arbeid med hovudrevisjon er planlagt i hausten 2012, ferdig til årsskiftet 2012/13.

Plan for atomberedskap i Fitjar kommune.

Gjeldande plan for atomberedskap byggjer på mal frå fylkesmannen, tilpassa FK. Ein vurderer planen som tilfredsstillande. Det er ikkje aktuelt å vurdere ny plan i perioden, men det kan vera ynskjeleg med ein enkel gjennomgang for å oppdatere planen. Dette er likevel ikkje ein del av ein kommunal planstrategi.

Kommunedelplan for kulturminne (kulturminneplan)

Føremål

Kommunane har ansvar for den lokale kulturminneforvaltninga gjennom handheving av Plan- og bygningslova (Pbl), § 20-1. Målet med kulturminneplanen er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Fitjar, og å få eit godt grunnlag for ein heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning.

Plantype

Kulturminneplanen skal ha status som kommunedelplan og omfatta kulturminne i heile kommunen. For å sikre kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, må desse følgjast opp i reguleringsplanar, og takast med i kommuneplanen sin arealdel.

Som del av arbeidet skal SEFRAK-materialet til Fitjar kommune gjennomgåast og

oppdaterast. Ei fullstendig registrering og kartlegging av kulturminne, med kartfesting, skal liggja til grunn for planen.

Framdrift

Arbeidet med å førebu planen starta hausten 2011. Registreringsarbeidet startar hausten 2012, og ny plan skal vera endeleg vedteken innan desember 2013.

Medverknad

Planen skal utarbeidast i samarbeid med faginstansar som fylkeskonservatoren i Hordaland og Sunnhordland museum. Kommunen sine innbyggjarar, og frivillige enkeltpersonar, blir viktige aktørar i arbeidet. Fitjar kommune vil ha eit samarbeid med Sveio kommune i samband med registreringsarbeidet.

Hovudmål

Målet med kulturminneplanen er å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Fitjar, og å få eit godt grunnlag for ein heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning. Dette skal ein oppnå ved å:

- Gjennomføra ei registrering av faste kulturminne
- Foreta ei verdivurdering av dei registrerte objekta i samarbeid med eksterne fagpersonar
- Utarbeida ein forvaltningsplan/handlingsplan for lokale kulturminne
- Vurdera å sikra eit sterkare vern for objekt som i dag har eit svakt juridisk vern

Delmål

- Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auka kunnskapen om korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og av private.
- Ta vare på viktige kulturhistoriske verdiar og sjå dei som ein ressurs
- Leggje til rette for vern gjennom bruk

Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv.

For å fremja fysisk aktivitet og folkehelse er tilrettelegging av og tilgjengelegheit til idrettsanlegg, ulike aktivitetsarena og aktivitetstilbod ein vesentleg del av kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid. Det er difor viktig at ein har ein god og oversikteleg kommunedelplan for anlegg og område for idretts og friluftsliv.

Det er også ein føresetnad at kommunen har ein slik plan dersom ein skal ha rett til søkje om spelemidlar til anlegg for idretts- og friluftsliv .

Innhald i planen

Målsetning for kommunen si satsting på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Målsetning for tiltak innanfor folkehelse.

Målsetning for anleggsbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv.

Evaluering av førre plan, med statusoversikt.

Analyse av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet.

Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.

Upprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.

Økonomiplan knytt til drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg.

Vurdering av samanheng med andre planar i kommunen.

Framdrift

Tidlegare plan gjekk ut i 2011. Førebuande arbeid med ny plan starta i august 2012. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med planen. Det vert òg henta inn innspel frå lag/organisasjonar, friluftsrådet og andre som er knytt opp mot området. Ein tek sikte på å ha planen ferdig til godkjenning innan utgangen av desember 2013. Den eksisterande planen vil bli forlenga til ny plan trer i kraft.

Kulturplan(ny)

Sentrale styresmakter har visjon om at Noreg skal vera ein leiande kulturnasjon som legg vekt på kulturdimensjonen i alle delar av samfunnslivet. Ei målretta satsing på kultur har stor innverknad på samfunnsområde som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen.

Overordna mål:

Fitjar har tidlegare ikkje hatt ein samla plan for kulturområdet. Kommunen skal ha ein plan som sikrar dei ulike områda av kulturlivet og vidare utvikling av desse, med vekt på at:

Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.

Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet.

Lag og organisasjonar skal stimulerast og støttast.

Bygdeidentiteten skal ivaretakast.

Det skal leggjast til rette for gode kulturtilbod for barn og unge.

Kulturminne skal vernast og synleggjerast

Innhald i planen:

Planen skal omfatta følgjande arbeidsområder med mål, tiltak, handlingsprogram og rammevilkår for kvar område:

Kommunale kulturinstitusjonar

Frivillig sektor

Barn og unge

Kunst og kulturformidling.

Kulturminne: vern og synleggjering (eigen plan)

Arrangement og aktivitet.

Reiseliv

Framdrift

Arbeidet med å danne ei arbeidsgruppe for kulturplan byrja i august 2012. Ein tek sikte på å få planen ferdig til endeleg godkjenning i løpet av 2013.

Kulturplanen skal rullerast i 2018.

Trafikksikringsplan.

Kvar kommune skal ha ein kommunal trafikksikringsplan. I Fitjar skal denne planen omfatta E- 39, som er statleg, fylkesvegane 545, 75, 72 og 71, samt ei rekkje kommunale vegar . Planen kan og omfatta private vegar etter nærare avtale.

1.1 Planarbeidet

I Fitjar kommune er ansvaret for å setja i gang planarbeidet lagt til Utval for plan og utvikling. Det administrative ansvaret er lagt til rådmannen. Planen skal byggja på vedteken kommuneplan for 2011 – 2022 vedteke den 18 juni 2012, og Risiko og sårbarhetsanalyse vedteken i 2008.

Planen skal ha status som kommunedelplan.

Planperioden skal vera 8 år frå 2013. Tiltak i planen bør innarbeidast i kommunale budsjett og økonomiplanar på ein realistisk måte.

1.3 Visjon og målformulering

Fitjar kommune vil ta opp den nasjonale "nullvisjonen" då ein har eit klart ønske om at det skal vera 0 drepne eller skadde i trafikken. Ein vil slik markera at ein ikkje godtar eit trafikk/vegssystem som tek liv eller skadar menneske.

Målsetning: Fitjar kommune skal ha trafikksikring som kommunalt satsingsområde, som skal inngå som naturleg del av alt planarbeid i kommunen. I løpet av neste planperiode skal ein sjå ei positiv utvikling på ulukkesstatistikken, og innbyggjarane skal kunna oppleve ein tryggare trafikksituasjon.

Måla skal ein prøva å nå mellom anna ved å:

- Arbeida for å sikra alle vegane i kommunen.
- Arbeida aktivt for fleire gang- og sykkelveggar
- Prioritera haldningskapande tiltak i barnehagar og skular.
- Etablera gode trafikale haldningar mellom ungdom, og ivareta opplæring for denne aldersgruppa.
- Gjennomføra tiltak for eldre; som å kartleggja og rusta opp busshaldeplassar med busstur og lys, sikra mjuke trafikantar i Fitjar sentrum, og å definera og prioritera transportkorridorar for eldre.
- Løpande gjennomføra mindre fysiske sikringstiltak med stor "verknadsgrad".

Framdrift:

Arbeidet med ny trafiksikringsplan skal starta hausten 2012, og vera ferdig 1 havår 2013.

Strategisk næringsplan:

Fitjar kommune skal utarbeida ein strategisk næringsplan, som skal vera ein reiskap for heilskapleg næringsutvikling. Planarbeidet skal utførast av ei arbeidsgruppe med representantar frå næringsliv, politikarar og kommunen.

Planen skal mellom anna ha fylgjande føremål:

- Å styrkja næringslivet i kommunen.
- Konsentrera aktivitet til saker som er viktige for næringslivet i kommunen.
- Etablera ein næringspolitikk (Visjon, mål og tiltak) som politikarar, administrasjon og næringsliv er samde om.
- Etablera eit forum for aktivt samarbeid mellom ulike aktørar.

Planen bør mellom anna innehalda fylgjande:

- Infrastruktur og kommunikasjon
- Næringsutvikling
- Opplæring/kompetanse/ungt entreprenørskap
- Omdømme/marknadsføring

Framdrift:

Arbeidet med planen skal vera starta i løpet av 2012 og skal vera ferdig i løpet av 2013. Næringsplan skal rullerast i 2018.

Plan for Folkehelsearbeidet i kommunen:

I lov om folkehelsearbeid, gjeldande frå 01.01.2012, går det fram at kommunen skal fremje folkehelse gjennom planlegging, og i lova står det:

§ 1. Formål

Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Den store helsereforma "Samhandlingsreforma" tredde i kraft frå 01.01.12. Sjølv hovudbodskapen i reforma, er å dreie utgiftene i Helsenorge frå behandling til førebygging av sjukdom.

Folkehelseperspektivet er også løfta opp som viktig del av Samhandlingsreforma, både generelt og spesielt.

Folkehelseperspektivet er ikkje lenger berre eit helsesektor ansvar, men skal inn som del av alle planer, saksførebuingar i alle kommunale sektorar.

Føresetnaden for eit samfunn med ei bærekraftig helse- og omsorgsteneste, er at samfunnet klarer å prioritere førebyggjande og helsefremjande tiltak. God helse i befolkningen heng i svært stor grad saman med sosiale ulikskapar og fordelings spørsmål, så som levekår, butilhøve, utdanning og økonomi. WHO har uttalt at framtidens største utfordringar er psykisk helse, rus og KOLS.

Kommunen har tilsett folkehelsekoordinator, og har planar og å utvikle Folkehelsearbeidet med oppstart hausten 2012, og ferdig plan 1. halvår 2013.

Plan for sosiale tenester i kommunen.

Ein slik plan vil omfatta mellom anna desse områda:

- Sosiale tenester i arbeids- og velferdsetaten (NAV)
- Bustadsosial handlingsplan
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan med vedtekter for alkoholomsetnaden i Fitjar.

Plan for sosiale tenester (NAV) :

Etter som sosiale tenester i NAV, jfr. Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (2009), er eit kommunalt ansvar viser ein til:

§ 1. Lovens formål: *Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.*

Loven skal bidra til at utsatte barn og unge og deres familier får et helhetlig og samordnet tjenestetilbud.

Loven skal bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer.

NAV samarbeidet er eit tett samarbeid mellom stat og kommune, der kommunen har ansvar for dei sosiale tenestene og budsjett, og kommunen må saman med NAV planleggje og dimensjonere tenestene. I hovudsak femner desse om økonomisk, sosialhjelp, råd, rettleiing samt Kvalifiseringsprogrammet. Planen bør også innehalde tiltak mot utvikling av barnefattigdom i kommunen.

Då NAV kontoret vart etablert i 2009, vart tenestestruktur og organiseringa vurdert. Det bør utformast ein ny plan i løpet av første halvår 2014.

Bustadsosial handlingsplan

Alle kommunar skal ha ein bustadsosial handlingsplan med oversikt over stoda i eigen kommune og ansvar for tiltak til dei såkalla vanskelegstilte på bustadmarknaden. I planen står målsetjinga:

”1.1 Innleiing: Alle skal kunne bu trygt og godt i Fitjar

Fitjar kommune ynskjer å setje fokus på butilhøva i kommunen og då særleg på butilhøva til dei vanskeligstilte på bustadmarknaden.

Frå statleg hald har bustadpolitikken vorte sett på dagsorden gjennom stortingsmeldingar og strategiar sidan 1989. I dagens samfunn er eigen bustad, ein heim, vesentleg for god helse, sjølvkjensle og fungering i samfunnet. Hovudmålsetnad i norsk bustadpolitikk, jfr St.meld. nr. 23 ”Om boligpolitikken”, er Alle skal kunne bu trygt og godt”. Dette er eit ambisiøst mål, men med den kunnskapen vi har om kor viktig det

er for menneske å ha ein heim, er målet på sin plass. Å ha ein slik stabil base som det å ha ein heim er, ynskjer vi skal vere mogeleg å realisere for alle innbyggjarane i Fitjar kommune og vi vil difor vidareføre den statlege visjonen til kommunen vår, - Alle skal kunne bu trygt og godt i Fitjar!”

Bustadsosial handlingsplan vart vedteken i 2011, skal rullerast i 2015.

Kommunen har starta arbeidet med å følgje opp tiltaksdelen.

Ruspolitisk handlingsplan.

Alle kommunar skal ha ein ruspolitisk handlingsplan.

Føremålet som er skissert i planen lyder:

- *Gje ein skildring av rusmiddelsituasjonen og dei utfordringane me står ovanfor*
- *Legge til rette for ein målretta, samordna og forpliktande innsats mot rusrelaterte problem*
- *Medverka til å sikra god livskvalitet for alle innbyggjarar i Fitjar kommune.*

Planen inneheld vidare førebyggjande tiltak, både generelle og spesifikke mot grupper,

Planen har også tiltaksdelen for dei spesifikke tiltaka mot personar med rusvanskar i Fitjar, inkludert LAR (Legemiddelassistert rehabilitering). Desse tenestene er organisert i NAV kontoret. Kommunen og NAV samarbeider og tiltaka, og søker på statlege tilskot innafør tiltaksdelen.

Ruspolitisk handlingsplan 01.07.2012 tom 30.06.2016, med tilhøyrande Vedtekter for alkohol- omsetnaden i Fitjar kommune 2012- 2016. Rullerast våren 2016.

Plan for helsemessig og sosial beredskap

Dagens plan gjeld for perioden 2006 - 2012. I planen inngår fylgjande delplanar:

ROS –analyse for helseområdet.

Smittevernplan

Plan for vald i nære relasjonar

Plan for psykososiale tiltak ved kriser, ulukker og katastrofar.

Lov om helsemessig og sosial beredskap og Forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid gjer greie for plankravet og kva verksemdar kravet gjeld for.

§ 1-1. Lovens formål og virkemidler

Formålet med loven er å verne befolkningens liv og helse og bidra til at nødvendig helsehjelp, helse- og omsorgstjenester og sosiale tjenester kan tilbys befolkningen under krig og ved kriser og katastrofer i fredstid.

For å ivareta lovens formål, skal virksomheter loven omfatter kunne fortsette og om nødvendig legge om og utvide driften under krig og ved kriser og katastrofer i fredstid, på basis av den daglige tjeneste, oppdaterte planverk og regelmessige øvelser, slik det er bestemt i eller i medhold av loven.

ROS-analyse:

Alle beredskapsplanar skal byggje på ROS analysar, og delast inn i aksjonsgrupper i høve til antall involverte berørte.

Kommunen har i dag ikkje ein ROS-analyse på området. Det er krav om at denne skal vera på plass innan utløpet av 2012. Dette arbeidet vil nok strekkja seg inn i 2013.

Tidplan: Oppstart haust 2012, ferdig vår 2013.

Smittevernplan

Kommunen skal ha ifølge Lov om vern av smittsame sjukdomar, ha ein plan på dette feltet.

§ 1—1. Lovens formål

Denne loven har til formål å verne befolkningen mot smittsomme sykdommer ved å forebygge dem og motvirke at de overføres i befolkningen, samt motvirke at slike sykdommer føres inn i Norge eller føres ut av Norge til andre land.

Loven skal sikre at helsemyndighetene og andre myndigheter setter i verk nødvendige smitteverntiltak og samordner sin virksomhet i smittevernarbeidet.

Loven skal ivareta rettssikkerheten til den enkelte som blir omfattet av smitteverntiltak etter loven.

Gjeldande plan i kommunen gjekk ut i 2010, men innhaldet kan nyttast. Ny plan må startast i 1. halvår 2013, og vera ferdig innan utløpet av 2013.

Plan for vald i nære relasjonar

Kommunane er oppmoda om å lage slike planer. Denne regjeringa har som mål innafør handlingsplan å prioritera dette arbeidet især mot born. Det er viktig å kunne forebyggje, avdekka samt verna og gje bistand til dei som har vore utsette for vald i nære relasjonar.

Hovudmålet er å arbeida for eit tryggare likestilt samfunn med meire rettferd.

Blant anna skal kommunane kunne visa til tilbod om oppfølging og hjelp, for dei som er utsette for vald, til dømes eit tilbod om krisesenter, eit lågterskeltilbod som tilbyr offer for vald i nære relasjonar og deira barn ein verna stad å bu i ein overgangsfase.

Planarbeidet: Oppstart haust 2013, ferdig plan våren 2014.

Plan for psykososiale tiltak ved kriser, ulukker og katastrofar.

Plan for psykososiale tiltak ved kriser, ulukker og katastrofar er under utarbeiding i kommunen. Kommunen har i fleire år hatt eit tverrfagleg kriseteam på plass, men det er trong for å lage ein meir detaljert plan.

Denne planen skal sjåast saman med andre beredskapsplanar i kommunen, og vera utfyllande for å gje heilskapleg omsorg for dei som har vore utsette for ulukker og kriser. Kriseteamet i kommunen/deler av kriseteamet har hatt ein del saker siste åra.

Planarbeidet er starta hausten 2012, og planen skal vera klar innan utløpet av 2013.

Omsorgsplan 2012 - 2020

Dette er ein stor og viktig plan for dei framtidige helse- og omsorgstenestene i kommunen, og omfattar fylgjande delplanar og utgreiingar:

- Plan for organisering av helseetatane; legeteneste/legevakt, helsestasjon, fysioterapitenester og øyeblikkeleg hjelp- døgntilbod/senger(2016).

- Plan for samordning av pleie – og omsorgstenester (jfr. Deloitte rapport)
 - Institusjonstenester
 - Rehabilitering
 - Korttidsopphald
 - Avlasting i institusjon
 - Langtidsopphald for demente
 - Langtidsopphald for andre eldre med store omsorgsbehov
 - Øyeblikkeleg hjelp tilbod i institusjon i frå 2016
 - Heimebaserte tenester
 - Omsorgsbustader
 - Tenester til psykisk utviklingshemma
 - Tenester til yngre funksjonshemma
 - Tenester til eldre
 - Tenester til psykisk sjuke (rus)

Plan for organisering av helseetatane:

Planen skal omfatta legeteneste/legevakt, helsestasjon, fysioterapitenester og øyeblikkeleg hjelp- døgntilbod/senger(2016).

Arbeid med legetenesta, legevakt og øyeblikkeleg hjelp/døgntilbod er starta opp gjennom interkommunalt samarbeid.

Delplan for vidareutvikling av helsestasjonstenesta skal vera i tråd med sentrale føringar, dette i samband med omlegging av bl.a. utfordringar lokalt i kommunen, omlegging av fødetilbod(helseforetak), folkehelsearbeid etc. Arbeidet er starta.

Arbeid med delplan fysioterapitenester vil skje lokalt i kommunen.

I alle desse arbeida må ein sjå til føringar i Samhandlingsreforma, og kva tenester ein må satse på i framtida.

Tidplan: Trinnvis oppbygging. Detaljar må avklarast nærare.

Plan for samordning av pleie – og omsorgstenester:

Dette blir eit stort og omfattande planarbeid, som skal ha som mål å forme dei framtidige omsorgstenestene i kommunen for alle grupper med omsorgsbehov.

”I september 2006 la regjeringen fram St. meld. nr. 25 (2005-2006) ”Mestring, muligheter, mening”. Regjeringen hovedstrategi for å møte morgendagens omsorgsutfordringer er å utnytte den demografisk sett relativt stabile perioden vi ha foran oss til en gradvis utbygging av tjenestetilbudet, og til å planlegge og forberede den raske veksten i omsorgsbehov som forventes omkring 2020.”

For å møte omsorgsutfordringane i framtida har regjeringa utforma fem langsiktige strategiar og ein omsorgsplan med konkrete tiltak fram til 2020. Dei viktigaste innsatsområda er: Kapasitetsvekst og kompetanseheving, samhandling og medisinsk oppfølging, planlegging, forskning og kvalitetsutvikling, aktiv omsorg med vekt på kultur og sosiale forhold og partnerskap med familie og lokalsamfunn

Sjueheimen:

Den statlege planen inneheld bl.a. nytt investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader, 10 000 nye årsverk med helse- og sosialutdanning, Ny kompetanse- og rekrutteringsplan: Kompetanseløftet 2015, auka vekt på en aktiv omsorg, Nasjonal standard for legeteneste i sjukeheimar, styrking av demensomsorga ved en egen plan: Demensplan 2015 og styrka omsorgsforskning. Kommunen har også bygd om

sjukeheimen til ny god standard og drifta er auka. I høve til auka utskrivingspraksis av ferdigbehandla pasientar og meir rehabilitering kommunen viser det deg at det er viktig med desse plassane.

Kommunen ynskjer å ta i bruk 3 ledige rom i sjukeheimen i 2013/4. Kommunen vil ikkje byggja nye sjukeheimplassar i perioden 2012 -15.

Heimebaserte tenester

Kommunen vil leggja vekt på ytterlegare auke i tilbod i heimen, som alternativ til plass i sjukeheim, og kommunal omsorgsbustad. Dette med tanke på utfordringane i høve aldersutviklinga i befolkinga.

Psykisk utviklingshemma:

Kommunen har i siste 5 års perioden auka omsorgstenesta i stort mon når det gjeld ressurstilføring, især mot einskildpersonar med psykisk utviklingshemming. For å utvikla tenestene vidare mot m.a. fleire psykisk utviklingshemma som treng bustad og tenester i åra framover bør ein starte opp arbeidet som delplan i Omsorgsplan 2012-2020

Omsorgsbustader:

Dette er ein del av heimebaserte tenester. Havnahuset omsorgssenter var bygt i 1999 og føyd saman med ein tidlegare aldersheim frå 1985. Her er mange ulike grupper med omsorgsbehov samla i ulike fløyar/etasjer.

Havn Burettslag er ein bygning i same området, med 12 bustader. Her bur personer både med mykje bistand og utan bistand.

I samband med planen må ein gå gjennom eksisterande bruk av desse, og vurderera framtidig bruk opp mot behov for nye bygg.

Demensomsorg:

Kommunen har sett demensomsorg på agendaen, og har einingar på sjukeheimen for denne type pasientar. Ein har også demensteam, og no nyleg starta opp med dagsenter for demente. Kommunen er også med i samarbeidsprosjekt med demensforeningen for Stord og Fitjar og Stord kommune i høve pårørandekurs for denne gruppa. Dette arbeidet vil bli utvida.

Plan for kompetanseløftet 2015.

Dette er ein plan for å rekruttera nye folk og fleire nye tilsette til omsorgssektoren med kompetanse, og å hjelpa noverande tilsette til å auka kompetansen. Kommunen har laga ein enkel plan som vert revidert årleg, og det vert søkt om statlege opptappingsmidlar for vidareutdanning.

Framdrift omsorgsplan 2012 -2020

Arbeidet med ny samla plan er starta. Samla oversikt over planverk skal vera ferdig innan 1 april 2013. Oversikta skal innehalda meir detaljerte planar på dei aktuelle området.

Tidlegare planar; Handlingsplan for eldreomrorga, Opptappingsplan for psykisk helse, Habiliterings-/rehabiliteringsplan og Plan for Havnahuset og samordning av tenestetilbodet, må inkluderast i arbeidet, og einskilde tiltak må vidareførast i ny omsorgsplan. Kommunen har og ein del sektorplanar på omsorgssektoren som bør reviderast og gå inn i arbeidet.

Planar for ansvarsområde skule og barnehage:

Skulebruksplan

Gjeldande skulebruksplan gjeld for perioden 2008 – 2012. Innhaldet i planen omfattar følgjande hovudemne:

- *Overordna føringar for grunnskulane i Fitjar kommune t.d. nasjonale føringar i Opplæringslova og i Kunnskapsløftet og ev. kommunale utviklingsmål for skulane i kommunen.*
- *Skulestruktur og elevtalsutvikling i kommunen.*
- *Skulebygningar i Fitjar.*
- *Elevane sitt fysiske og psyko-sosiale læringsmiljø*
- *Ressursar til undervisning*
- *Elevane sitt læringsutbytte*
- *IKT i skulen*
- *Skulefritidsordninga i Fitjar kommune*
- *System for kvalitetsvurdering for skulane i Fitjar*
- *Den kulturelle skulesekken og samspel mellom grunnskule og kulturskule i kommunen.*
- *Overgangsordningar og samarbeid mellom barnehage og skule.*
- *Kompetanseutvikling og rekruttering.*
- *Skulebibliotektenesta i Fitjar kommune*

Parallelt med skulebruksplanen er det starta opp med nybygg/rehabilitering av Rimbareid barne -og ungdomsskule. Prosjektet er starta sommaren 2012, og er planlagt ferdig til skulestart 2014.

Framdrift:

Arbeid med ny skulebruksplan for perioden 2013 – 2016 skal starta opp våren 2013 og vera ferdig hausten 2013.

Utviklingsplan for Fitjar kulturskule

Utviklingsplan for Fitjar kulturskule, «Kulturskule for alle» vart vedteken av kommunestyret 20. juni 2012, og gjeld for perioden 2013 – 2015.

Hovudmålet var å oppretthalda drifta av kulturskulen slik han er i dag, og at det skal leggjast til rette for utviding av eksisterande tilbod og oppretting av nye.

Mål:

Kulturskulen skal yta tenester til kommunen sine innbyggjarar, til skular, barnehagar og til lag- og organisasjonslivet i kommunen. Kulturskulen skal gi plass til alle som ynskjer tilbod innafor dei aktivitetane den gjev tilbod om

Tiltak:

Kulturskulen skal gje undervisning innafor eit vidt spekter av kunstfaglege aktivitetar som musikk, dans, drama og bildande kunst. For å få til ei kunstfagleg utvikling skal kulturskulen leggja vekt på samarbeid med andre utdannings- og kunstfaglege institusjonar

Framdrift.

Rullering av planen skal starta hausten 2015, og vera ferdig i desember samme år.

Revisjon av plan for Den kulturelle skulesekken

Gjeldande plan for «Den kulturelle skulesekken» er for perioden 2009 – 2012.

Planen legg til grunn Hordaland fylkeskommune sine mål for «Den kulturelle skulesekken» Ut over desse er det utarbeida ein tverrfagleg lokal plan som seier:

Fitjar kommune vil utvikla den kunstnariske og kulturelle dimensjonen i læringsarbeidet i skulen. Alle born skal i løpet av skuletida si få oppleva kunst og kultur av høg kvalitet. Dei skal bli kjent med kunst og kultur i nærmiljøet sitt. Dei skal vera aktive i læringsprosessen.

Framdrift:

Ny plan for perioden 2013 – 2015 er utarbeida og skal opp til politisk handsaming hausten 2012.

Plan for barnehagetilbodet i Fitjar kommune (ny)

Våren 2012 kom Fitjar for første gong i ein situasjon der ein ikkje kunne tilby plass til alle som hadde lovfesta rett på barnehageplass, etter at Regjeringa vedtok lovfesta rett til barnehageplass det året barnet fyller eitt år. I tillegg har barnehagane fått endra krav til bemanning, kvalitet mm. Kommunen har også fått nye oppgåver, mellom anna tilskott, sikra plass til alle, tilsyn med barnehagane. Ein del born frå Fitjar går dessutan i barnehage i Stord.

Fitjar kommune har sett i gang eit arbeid med å laga ein barnehageplan for kommunen, med fylgjande målsetningar:

Skaffa oversyn over behov for barnehageplassar i framtida og greia ut ulike måtar å løysa dette på. Planen skal vera ein heilskapleg plan der ein søker å ta med alle aspekt ved barnehagedrifta i kommunen, og vil omhandla følgjande :

- Barnehagedekning i Fitjar no, og framtidige behov – fødselstalsutvikling, tilflytting.
- Lovverk og oppgåvefordeling Fylkesmannen, Kommunen, barnehagane.
- Kvalitet i barnehagen jf St.mld 41, spesialpedagogisk hjelp, minoritetspråklege barn, kompetanseutvikling mm.
- Barnehagane profilerer sitt tilbod
- Samarbeidspartnarar for barnehagane: Skule, kulturskule, SFO, barnevern, PPT, spesialpedagogisk hjelp, bibliotek m.fl
- Økonomi i høve til ev utbygging og tilskott

Framdrift:

Planarbeidet er i gong og skal vera ferdig i løpet av hausten 2012.

Rullering av plan for spesialpedagogisk sakshandsaming

Dagens plan vart vedteken i 2009. Planen er ikkje tidfesta i høve til rullering. Planen har ein svært tydeleg oppbygning, med hovudfokus på følgjande hovudfelt:

- **Omtale av sentrale omgrep innan spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp**
 - Sakkunnig vurdering
 - Overordna IOP
 - Søknad om spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp
 - IOP – Individuell opplæringsplan
 - Halvårsrapport
 - Medverknad frå foreldre og born
- **Oppgåver og lovverk. Ulike presiseringar**
 - Oppgåver på skulenivå
 - Spesialpedagogisk hjelp til førskuleborn
 - Krav i lov om personregister og rett til opplysningar / informasjon
 - Oppgåver for PPT

- Kommunen sine oppgåver
- Nærmare om innhaldet i vedtaket

Vidare gjer planen greie for prosedyrar i høve til saksgang. Rutinar ved læringsproblem og lovverket med hovudfokus på § 5 – 1 i Opplæringslova.

Framdrift:

Sjølv om planen er strukturert og tydeleg vil det vera nødvendig med ei rullering av dagens plan i løpet av 2013.

Teknisk drift:

Hovudplan for avløp.

Gjeldande plan er utgått, og galdt for 1997 – 2008. Planen er forelda ut frå alder på planen og det tidsrommet planen definerer. Det er framleis element i planen som er relevante, både kring nye område som det er aktuelt å leggja nye avløp på, og teknisk standard på anlegg og utstyr. Kommunen ynskjer å ta ein lettare gjennomgang av planen, med hovudvekt på aktuelle nye område som er aktuelle for kommunale avløp. Teknisk standard på anlegg og utstyr vil samstundes bli gjennomgått.

Tidshorisont: Start 1. halvår 2013, ferdig 2 halvår 2013.

Hovudplan for vassforsyning.

Gjeldande plan er frå 1994. Planen er forelda ut frå alder på planen og det tidsrommet planen definerer. Planen er stort sett oppfylt, og det er etablert ei rekkje nye anlegg anlegg ut over det planen hadde som mål. Det er etablert nytt vassverk, og alle anlegg leverer i dag med tilfredsstillande kvalitet. Kommunen ynskjer å ta ein enkel gjennomgang av eige leveringsområde, med hovudvekt på aktuelle nye område som er kan verta aktuelle for kommunale tilkopling. Teknisk standard på anlegg og utstyr vil samstundes bli gjennomgått.

Tidshorisont: 2. halvår 2013, ferdig 1 halvår 2014.

Hovudplan for kommunale vegar.

Kommunen har pr 31 desember 2011 kring 25 km kommunale veg og kring 3,0 km gang- og sykkelveg. Det er aktuelt å ta over nye kommunale vegar/gangstiar, særleg knytt til nye byggjefelt. Det kan og vera aktuelt å nedklassifisera eldre kommunale vegar som ikkje lengre er i almenn bruk. Det kan vera aktuelt å vurdere kommunal vegløyving til Selevik krins. Kommunen vil vurdere status for kommunale vegar i ein ny hovudplan i 2013, og deretter rullering kvart år i budsjettssamanheng. Start 1. halvår 2013, ferdig 2 halvår 2013.

Kommunen har og ein plan for vedlikehald av kommunale vegar frå 1999. Planen er delvis rullert, og element i planen er revidert gjennom ulike handsamingar av konkrete prosjekt, eller gjennom samla handsaming i budsjettprosessane. Det må utarbeidast prioriteringsliste over tiltak på eksisterande vegar.

Vedlikehaldsplan for kommunale bygg.

Fitjar kommune har ikkje formalisert ein feller vedlikehaldsplan for kommunale bygg, slik at ein i stor rad fyl lokale "planar" på ulike bygg, og elles føretek vurderingane i dei årlege budsjettvurderingane. Det er ynskjeleg at det blir utarbeidd ein felles plan i løpet av 2014.

Tidshorisont: Start 1. halvår 2014, ferdig 2 halvår 2014.

Planar på landbruk og viltforvaltning:

Landbruksplan 2005–2015

Planen vart vedteken av kommunestyret 28.09.2005. Dette er ein felles plan med Stord. Landbruksplanen vart utarbeidd etter ein omfattande prosess, der alle fagpersonar ved kontoret, faglaga og sentrale politikarar deltok.

Denne temaplanen er framleis godt oppdatert i høve til stoda for landbruket i kommunen, og bra oppdatert i høve til dagens landbrukspolitik.

Kommunen ser difor ikkje trong for revisjon av landbruksplanen med det aller første, men i løpet av 2014 vil det truleg vera føremålstenleg å gjennomføra ei ny vurdering.

Forvaltningsplan for Hjort

Planen vart utarbeidd i 2005 og er ein felles plan for Fitjar og Stord. Planinnhald: Bestandsstruktur, målsetjingar og aktuelle tiltak.

Forvaltningsplanen for hjort vart sett under revisjon i 2011. Den har vore sendt ut på høyring, men revisjonen er stilt på vent på grunn av pågåande revisjon av "Forskrift om forvaltning av hjortevilt". Ein ventar framleis på ny forskrift frå Direktoratet for Naturforvaltning (DN).

Felles planar for Sunnhordland:

Felles planar for Sunnhordland vert som oftast handsama i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Desse kan vera juridisk bindande, men då etter vedtak i kommunen, eller av overordna styresmakt. Dei kan og vera friviljuge, og bind då berrekommunen i samsvar med vedtak i kvart einskild tilfelle

Interkommunal strandsonenplan.

Felles interkommunal strandsonenplan er kommentert under arealplan. Dette er den einaste planen i Sunnhordland som kan bli juridisk bindande, men då etter vedtak i Fitjar. Planlagt oppstart hausten 2012.

Fylkesplan for Sunnhordland.

Denne planen er eit samvirke mellom Hordaland fylkeskommune, Samarbeidsrådet og kommunane. Planlagt oppstart hausten 2012.

Sektor og næringsplanar.

Dette er planar som gjeld for spesielle næringar eller sektorar, men som ikkje er juridisk bindande:

Samferdsleplan for Sunnhordland – sist rullert 2008.

Samarbeidsrådet utarbeider med jamne mellomrom Samferdsleplan for Sunnhordland. Den siste versjonen er frå 2008. Den blir rullert ved behov.

Plan for idrett, friluftsliv og kultur 2009 – 2013:

Fitjar kommune vil delta i ny tilsvarande plan når arbeid vert sett i gang.

Reiselivsplan.

Denne vil bli fylgt opp og implementert som del av kulturplanen.